

Tryggleik og individuell utvikling for alle

ÅRSPLAN BORGUND BARNEHAGE 2023-2024



Barnehageåret 2023/2024

Alle barnehagar er pålagt etter barnehagelova å utarbeida ein årsplan. Årsplanen skal gje oversikt over barnehagen sine aktivitetar og drifta gjennom barnehageåret. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehage skal samarbeidsutvalet fastsetja årsplanen.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Barnehagane står fritt til å velja metode og omfang utifrå lokale føresetnader og behov. Årsplanen skal vera arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styre verksemda i ei bevisst retning.

- ☺ Utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- ☺ Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen.
- ☺ Informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte.

Hausten 2023 startar me opp med 19 barn som utgjer 29 plassar. I januar kjem det ein eittåring til, og me har 31 plassar.

Personalgruppa barnehageåret 2023/2024

- ♥ **Styrar og spespedansv. oppvekst Borgund 100%:**
Torunn Vethe Gram
- ♥ **Pedagogisk leiar 50%/pedagog 50%:**
Solbjørg Hagheim
- ♥ **Pedagogisk leiar 50%/pedagog 30%**
Elisabeth Nedrehegg
- ♥ **Barne- og ungdomsarbeidar 100%:**
Ingebjørg Stegen Aspeseter
- ♥ **Barne- og ungdomsarbeidar 100%:**
May Kristin Øyre
- ♥ **Barne- og ungdomsarbeidar 100%:**
Ronja Nedberge Brattebø
- ♥ **Barne- og ungdomsarbeidar 20%:**
Wenche Birkenes. Wenche er tilsett på SFO, men har bytt med Torunn ein periode, så ho er inne kvar onsdag, når Torunn er på SFO

PEDAGOGISK PLATFORM FOR BARNEHAGANE I LÆRDAL KOMMUNE

Barnehagane i Lærdal vil ta borna sine tankar og behov på alvor. Aktivitetar og rutinar vil bli planlagde i samsvar med Rammølanen.

TRYGGLEIK:

Trivsel
Sjølvkjensle
Kunna syna kjensler
Ta ansvar

OMSORG:

Stell, mat og kvile
Kos og trøyst
Bry seg om
Ros og oppmuntring
Grensar
Sjå på borna sine behov

SAMARBEID:

Setja ord på kjensler og opplevingar
Godta kvarandre
Ta kvarandre med i leiken
Dele med kvarandre
Hjelpe kvarandre
Konfliktløysing

LEIK OG LÆRING:

Oppleving
Utfordring
Få erfaring
Glede og humor
Kreativitet og fantasi
Tid og plass til leik
Sjølvtende
Venskap

Barnehagen sitt verdigrunnlag og visjon

Borgund barnehage skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre, og ha eit særskilt fokus på barndomen si eigenverdi i det pedagogiske arbeidet. Barndomen er ei tid der barn dannar grunnmuren i livet. Me skal vere ei støtte for barna i denne prosessen. Trygge rammer og anerkjennande vaksne skal vere eit bærande element i alt me gjer.

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling»
(Rammeplanen s.7)

Visjon: «Tryggleik og individuell utvikling for alle»

Tryggleik og individuell utvikling heng saman. For å kunne lære og utvikle oss, lyt me kjenne oss trygge.

Tryggleik:

Barn og foreldre skal oppleve å verte møtt med respekt, anerkjening og omsorg. Born og foreldre skal oppleve at dei har reell medverknad. Personalet skal oppleve føreseielege rammer og kunne vere med å påverke arbeidskvardagen sin.

Individuell utvikling:

Born og foreldre skal oppleve at det er progresjon i læringa og utviklinga til kvart einskilt born. Det dei meistrar med litt hjelp i dag klarar dei gjerne åleine i morgon.

Personalet skal oppleve at dei får nytte kompetansen sin og får tilført ny kompetanse der det trengs. Dei skal kunne vere med og utvikle barnehagen.

Visjonen er utvikla i samarbeid med Lærdalsøyri Barnehage. Felles visjon for dei to barnehagane i kommunen er naturleg og viktig.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova. Den gjev oss ei forpliktande ramme for å planlegga, gjennomføra og vurdera innhaldet i barnehagen. Planen syner til verdigrunnlag, målsetjingar, arbeidsmåtar og ansvar. Den syner og til sju fagområde som skal liggja i botn for det pedagogiske arbeidet som vert gjort i barnehagen.

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Mengd, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn

Barnehagen sine samarbeids- og styringsorgan

Barnehagen skal etter lova ha eit foreldreråd (FAU) og eit samarbeidsutval (SU). Dette for å sikra samarbeidet med barna sin heim. Foreldra er sikra medverknad i den samla



barnehageverksemda gjennom å delta i foreldreråd og samarbeidsutval.

Foreldreråd og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen. Dei skal fremja gruppa sine felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. På foreldremøte om hausten vel ein foreldrekontakt, og representant til samarbeidsutvalet (SU). FAU har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra, før det vert teke avgjerd. Gjennom FAU kan foreldra fremje saker.

Felles Samarbeidsutval (SU) Barnehage-Skule. Me held fram med å ha felles samarbeidsutval ved Borgund Oppvekstsenter. **SU** består av foreldre/føresette og tilsette i barnehage og skule, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. SU skal bli førelagt, og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og foreldresamarbeid.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Samarbeid med heimen

Eit godt foreldresamarbeid er tufta på gjensidig tillit, open og god kommunikasjon. Med dette meiner me utveksling av informasjon, alt i frå dagsform til små og store hendingar i kvardagen. Foreldre har ansvar for barna si oppseding og danning. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Me inviterer til to foreldremøte, og tilbyr to foreldresamtalar i året, haust og vår.

Omsorg, leik, læring og danning

Omsorg: ”er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna” (Rammeplan 2017:19). Døme i barnehagen er kvardagsrutinar,

tryggleik til å takle kvardagen, vaksenrolla (haldningar og innstillingar), respekt, samspel born – born, born vaksen og samarbeid med heimen. Livslangt læringsperspektiv.

«**Leiken** skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik- åleine og saman med andre (Rammeplanen 2017:20).

Læring: «I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring” (Rammeplanen 2017:22).

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Danning: Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av. Gjennom samspel, dialog, leik og utforskning skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar (Rammeplanen 2017:21).

Venskap og fellesskap

”Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til



rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.”

(Rammeplanen 2017:23)

Medverknad

Barna sin rett til medverknad er forankra i barnehagelova §§1 og 3, Grunnlova § 104 og FN sin barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Barnehagen skal leggje til rette for og oppmuntre barna til å gi uttrykk for kva dei syns om den daglege verksemda. Vidare skal dei få jamleg få delta i arbeidet med planlegging og vurdering. Synspunkta til barna skal vektleggjast i samsvar med alder og modenskap.

Barnesamtalar

Barna skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø. Ingen barn skal oppleve mobbing, eller krenking i ord eller handling, verken frå andre barn eller vaksne. Eit ledd i arbeidet med å skapa eit godt læringsmiljø er gjennomføring av barnesamtalar med dei eldste i barnehagen. Dette er ein samtale mellom barnet og ein vaksne, eller i små grupper, der barnet får snakke om trivsel, leik, venner i barnehagen. Referatet frå samtalen vert gjennomgått på foreldresamtalen og arkivert i barnemappa. Skjemaet me nyttar tek utgangspunkt i «Trygg i fellesskap modellen» men me lokale tilpassingar i høve vår barnehage. <http://modellen.tryggifjell.no>

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Pedagogiske verktoy:

«**Fonomagika**» er ei historie- og songbasert tilnærming til lydlek for barnehagebarn, og er utvikla av logopedane Stine Olsen og Eli Sørheim, og musikkterapeut Anita Barsnes ved Pedagogisk fagsenter på Laksevåg i Bergen kommune. Målet med verktøyet er å jobbe både førebyggjande, og retta mot barn med uttalevanskar. Fonomagika består av eit hefte med historiar med tilhøyrande cd med songar. Utgangspunktet er lydar som utviklingsmessig kjem seint, og som kan vere lydar ein del barn strevar med. Me lagar konkretar til historiane og songane slik at me konkretiserar innhaldet. Dette hjelper barna å lære seg ord og forstå handlinga. I tillegg vert det spanande sangstunder.



«**Tall- og språksprell**» legg til rette for ei leikande, men målretta trening i grunnleggjande matematiske omgrep og god utvikling av barna sitt språklege medvit. Humor, undring, samspel og estetisk arbeidsmåtar er vektlagt, og det er ei rekkje kort for visuell støtte i leiken. Forfattarane er Anne Marit Valle, Lise Olvik og Ann Karin Orset. Utgitt av Gyldendal norsk forlag Undervisning 2010.



«Hjarteprogrammet»

Som metode for å snakke om, og gi barna gode verktoy for å ta sunne val kring eiga og andre si psykiske helse, nyttar barnehagen «Hjarteprogrammet». Dette er eit konkret og praktisk opplegg, laga for å kunne passe rett inn i barnehagens planar og arbeid. Med utgangspunkt i små kvardagshistoriar om barna Mats og Mille, faste samlingar som vert kalla Hjertesamlingar, og ein heil "ide-bank" med aktivitetar, får barna konkrete rammer og målsettingar å knyte opplevingar og erfaringar til.

I Hjarteprogrammet er sosial kompetanse delt inn i tre hovudtema, eller hjartelag, og ni undertema. Aktivitetane er delt inn i kategoriar og skapar ei systematisk oppbygging frå det enkle til det meir komplekse: «EG?» «DU?» og «VI». Hjarteprogrammet består av: Ni illustrerte samtalekort med ei historie, forslag til ei Hjertesamling, og aktivitetar. Ei magnetavle med bilete, ei høgtlesingsbok med fleire historiar og ein rettleiar til praktisk bruk



Tryggleik og individuell utvikling for alle

«**Hele meg**» handlar om å hjelpe dei vaksne ti å kunne etablere ein for å snakke om kropp og seksualitet i barnehagen. Barna skal få god kunnskap om eigen kropp og grensesetting for seg sjølv. Opplegget er tenkt brukt til dei eldste barna i barnehagen. Pakken består av to delar: ei barnebok og ein rettleiar til personalet.

I boka føl me barna Iben og Kim.

Tema er hud, celler, musklar, skjelett, hjarta, lunger, omløp, hjerne, nervesystemet,, fordøying, sansane våre, kjensler og identitet, korleis blir kroppen til, og seksualitet. Nærleik, kjærleik, identitet og sjølvkjensle er belyst. Det er og eit kapittel om grensesetting, god og vonde hemmelegheiter og gode og vonde berøringar.

Kvart tema har ei forteljing om Iben og Kim.

illustrasjonar, fakta og tips til aktivitetar og refleksjonar saman med barna.

Det er ein rettleiar for personalet til hjelp i arbeidet.



Dette tema har me alltid i samband med at

Politiet vitjar barnehagen Politiet i Sogn har laga eit undervisningsopplegg som skal brukas i alle barnehagane i Aurland, Lærdal, Årdal, Sogndal, Luster, Leikanger og Vik. Opplegget er for 5 og 6-åringene, altså dei som skal byrje på skulen. Målet er å få det førebyggjande arbeidet inn i et årshjul. Politiet ønskjer at alle skal være kjend med at dei vil kome på besøk til barnehagane, og at dette skal skje på eit omtrentleg fast tidspunkt kvart år. Tema dei ønskjer å snakke med barna om er vennskap, hemmelegheiter og kropp. Ved temaet vennskap samtalar dei om det å vere venner og uvenner, kven som bestemmer i eit vennskap, om det er lov å seie nei til ein venn og om det å vere åleine. Ved temaet hemmelegheiter samtalar dei om det å ha gode eller vonde hemmelegheiter, og det å fortelje andre om ein hemmelegheit. Ved temaet kropp samtalar dei om jente- og guttekroppar, kven som bestemmer over kroppen og grenser. Politiet meiner at det ikkje er for tidleg å snakke med 5- åringar om kropp og seksuelle overgrep. Ungdommar/vaksne som har blitt utsett for seksuelle overgrep då dei var små seier «kvifor var det ingen som fortalte meg at dette ikkje var lov». Dei trudde det skulle vere slik fordi dette var kvardagen. I tillegg blei dei trua til å tie, trua med at noko ville skje, og derfor blei ingenting

Tryggleik og individuell utvikling for alle

I Borgund barnehagen vil me at:

- ☺ Alle barna skal oppleve ei kjensle av å høyre til, oppleve venskap og at dei er viktige for fellesskapen.
- ☺ Alle barna skal oppleve ein trygg og god barnehagekvardag med fråvær av diskriminering, krenkingar og mobbing.
- ☺ Gjennom tverrfagleg og tverretatleg samarbeid og foreldresamarbeid skal me i fellesskap arbeide for at alle barna opplever eit inkluderande, trygt og godt oppvekstmiljø.

Borgund barnehage vil ha fokus på dette:

Førebygging ved å skape gode inkluderande miljø:

Fokus på å bygge gode trygge og gode relasjonar (vaksen-barn, barn-barn og vaksen-vaksen) og vaksenrolla.

Dei vaksne rettleier barna i sosial kompetanse inkludering i leik og gode samspelsmønster.

Fange opp/å sjå/observere:

Dei vaksne er til stades der barna er og ser det som skjer. Dei vaksne nyttar systematisk observasjon og barnesamtalar som metode for å fange opp barna si oppleving av trivsel, mobbing og utestenging.

Å høyre til

Vondt er av alle
andre bli trakka på og trengd.
Men vondare
å veta at du er utestengd.

Det er så mangt i livet du
ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan Magnus Bruheim

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Handle:

Dei vaksne skal gripe inn og sei tydeleg stopp om dei oppdagar krenkingar, mobbing eller uheldige samspelsmønster.

Dei vaksne skal hjelpe barna å inkludere kvarandre i leik og aktivitetar og stoppe krenkingar og mobbing. Dei vaksne skal hjelpe barna å stå opp for seg sjølv og andre.

I foreldremøte og fellesmøte for inkluderande oppvekstmiljø på Borgund, har me, og vil me halda fram med å arbeida med refleksjonar knytt til desse problemstillingane:

1. Dersom ditt barn vert utsett for mobbing eller krenkingar, kva vil du at barnehagen skal gjere?
2. Dersom ditt barn er den som utøver mobbing, kva ønsker du at barnehagen skal gjere?
3. Dersom du opplever at det er vaksne som mobbar eller krenkar ditt, eller andre sitt barn. Kva vil du gjere



<https://www.udir.no/nullmobbing/>

NY MOBBELOV I BARNEHAGEN 01.01.2021

Nulltoleranse mot mobbing, plagning og utestenging frå leik. Reglane handlar om barna sin rett til eit rygt omsorgs- og læringsmiljø.

- ♥ Styrking av systematisk førebygging
- ♥ Innføring av aktivitetsplikt
- ♥ Styrking av kommunen som tilsynsmynde

Å vere vener er å møtast i et forhold der den enkelte opplever seg som godtatt og verdsett for akkurat den han eller ho er. Også de yngste barna har sterke vennsapsrelasjonar, og mange barn gir uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leike med venene sine. Venskap bidreg til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen bidreg til positiv sjølvkjensle.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Å høyre til i ei gruppe gir barn tryggleik og sosial tilknytning. Opplevingar saman med andre barn kan være vegen inn i nye vennskap. Å etablere vennskap og oppretthalde dem er en viktig faktor i sosialiseringprosessen og en førebyggjande faktor mot uheldig og negativ utvikling. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å ha betydning for Fellesskapet og å vere i positivt samspel med barn og vaksen. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.



Alle barn bør ha minst ein venn

BESTE PRAKSIS

Barnehagane i lærdal har i fellesskap utvikla ei felles forståing for kva som skal vere barnehagen sin beste praksis. Desse måla skal me ha med oss i alt arbeid me gjer i barnehagen:

- 1. Vera til stades der barna er, og ha full fokus på dei.*
- 2. Delta i leiken.*
- 3. Vera godt førebudd på planlagde aktivitetar både fysisk og mentalt.*
- 4. Følgje opp barna sitt initiativ og interesseområde.*
- 5. Stimulera til leikemiljø som kan vera i endring.*



Lærdal kommune

Tett på barn og unge

Lærdal kommune skal bli ein BTI- kommune og i det arbeidet nytte samhandlingsmodellen BTI (betre tverrfagleg innsats) som er utvikla av Helsedirektoratet. Modellen er eit verktøy for tenester som møter gravide, barn, unge og føresette det er knytt uro eller bekymring til.

Hensikta med ein slik modell er å syte for hjelp på eit tidleg tidspunkt. I tillegg er hensikta å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det vert brot i oppfølginga. Å involvere barn, unge og deira familiar på eit tidleg tidspunkt er heilt grunnleggjande i BTI modellen.

Ved å nytte BTI-modellen sikrar ein tidleg innsats, samordning og medverknad i hjelpa ein gjev til barn, unge og deira familiar.

Handlingsrettleiaren er eit hjelpemiddel og er oppskrifta for korleis ein praktisk skal gå fram i arbeidet med barn, unge eller føresette det er knytt undring eller bekymring til.

På denne nettsida finn du også:

- **Verktøy:** rutinar, malar, skjema og andre viktige dokumenter til bruk i arbeidskvardagen.
- **Ressursar:** faglitteratur, kurs, opplæringsvideoar og filmar
- **Tenester:** oversikt over kommunale einingar som har eit ansvar for gravide, barn, unge og deira føresette.
- **Tiltak:** foreldrestøttande tiltak inndelt etter aldersgruppe og førebyggingsnivå.



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Livsmeistring og helse:

” Barn si fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing ... Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler” (Rammeplanen 2017:11).

Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå born og unge.

Me lever i ei tid der born og unge vert utsette for store krav i høve å prestere og lukkast. Viktigare enn nokon gong er det då å hjelpe dei å verte sterke nok til å ha tru på seg sjølv, som ein som meistrar og som er god nok. Å vareta born og unge si psykiske helse er vorte eit viktig satsingsområde. Psykososialt arbeid skal inn i all tenking og planlegging.

Kommunane i Sogn har gjennom eit prosjekt i Sogn regionråd, utarbeida regional plan for arbeidet med psykisk helse hjå barn og unge. I denne planen har kommunane mellom anna forplikta seg til å gi alle tilsette i barnehage og skule kompetanseheving på 10 timar slik at dei kan verte betre rusta til å hjelpe og støtte barna. I tillegg har regionrådet og starta opp eit fagnettverk for psykisk helse.

Barnehagane i Lærdal har gjennomført opplæring i Modul I, II, III, IV og V Det er psykolog Frode Schanke Eikum, tilsett i Sogn regionråd «System for styrka læring» og Høgskulen på Vestlandet som har stått for opplæringa.

Lærdal kommune har og utarbeida ein lokal plan for arbeidet med barn- og unge si psykiske helse. Desse finn de på kommunen og oppvekst Borgund sine heimesider.



Verdensdagen for psykisk helse 10.oktober, vil me markere i barnehagen ved å snakke om kjensler og kva psykisk helse er.

Me vil mellom anna bruke Hjarte programmet i dette arbeidet.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Trygge overgangar

Å sikre tryggleik i overgangar i barna sine liv er ein viktig lekk i arbeidet med psykisk helse, tryggleik og trivsel. Kapittel 6. i den nye rammeplanen lyfter fram verdien av gode og trygge overgangar. Frå heim til barnehage ved gode tilvenningsperiodar, ved overgang i barnehagen og mellom barnehage og skule.

Borgund barnehage vil arbeide for å halde fram med gode rutinar for å trygge barna i tilvenningsperioden med eit nært samarbeid med foreldre og med oppstartssamtale. For framandspråklege familiar tilbyr me samtale med tolk.

Overgang til skule – Frå eldst til yngst

I 2018 vart det gjort endringar i barnehagelova der det vart understreka ei gjensidig plikt for barnehagar og skular til å samarbeide om overgangen.

«§ 2 a. Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole

Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og friskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang.»

<https://lovdata.no/dokument/LTI/lov/2018-06-08-29>

For å sikre ein god overgang frå barnehage til skule har Lærdal kommune utarbeida eit styringsdokument «Frå eldst - til yngst, samanhengen mellom barnehage/skule-SFO», som skulane og barnehagane i kommunen skal ta utgangspunkt i. Hausten 2017 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med leiar for oppvekst og pedagogar frå barnehage og skule som skulle revidere planen. Planen vart revidert våren 2022

<https://www.laerdal.kommune.no/>



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Barnehage-og skuleutvikling

System for styrka læring

Barnehagane i Lærdal kommune tek del i Sogn regionråd sitt felles program for barnehage- og skuleutvikling. Hovudmålet for det regionale programmet er auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning

Ny programplan er vedteken i kommunestyret i Lærdal, samt i utval for levekår og Lærdal ungdomsråd. Planen gjeld for perioden 2022-2030.

Utviklingsarbeidet inneber breitt samarbeid mellom kommunane og med eksterne aktørar mellom anna med undervisnings- og forskingsmiljø.

Hovudmålet ved programplan for perioden 2022-2030

«Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle». I den nye planen for 2022- 2030 vert det fire programområde me skal arbeide med:

1. Fysisk og psykisk helse
2. Tidleg innsats og språkutvikling
3. Kreativitet, skaparglede og entrepenørskap
4. Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring

I tillegg til dei fem planleggingsdagane våre nyttar me personalmøte på kveldstid til å jobbe med utvikling, evaluering og kompetansehevande tiltak. Ein del av overtida i samband med desse møta får personalet ta ut att som avspasering i den inneklemdede planleggingsdagen i mai (til liks med det dei gjer i skulen der dei har elevfrie dagar).

Ein viktig del av utviklingsarbeidet vårt er og å samarbeida med andre utdanningsinstitusjonar:

Arbeidspraksis: Me samarbeider med og Fretex for arbeidsevneutprøving, og NAV for å ta i mot dersom nokon treng arbeidspraksis.

Praksisbarnehage: Me tek i mote elevar frå ungdomsskulen, vidaregåande og høgskulen som ynskjer praksis i barnehagen

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Dagsrytme i Borgund barnehage

0700	Barnehagen opnar Roleg leik felles
0810	Frukost Deler i to grupper når det er mange til frukost.
0830	Leik
0915	Samling små
1000	Lunsj små
1100	Samling store
1130	Lunsj store
1200	Leik ute/inne. Soving for dei små
1330	Frukt
14:30	Tilbod om å eta resten av lunsjen Leik ute/inne
1615	Barnehagen stenger

Opningstider 07:00 – 16:15

Skulle du ha behov for å levera før (tidlegast 06:45) eller henta seinare (seinast 16:30) må det søkjast på e-post til styrar/einingsleiar i den aktuelle barnehagen. Du må i søknaden levere dokumentasjon frå arbeidsgjevar på:

1. At det ikkje er mogeleg å legge til rette for levering etter kl.07:00 om morgonen, eller hente før 16:15 på ettermiddagen.
2. Arbeidstid/turnus

Du må vera komen ut av barnehagen seinast 16:15. Ved for sein henting kan styrar gi bot på kr. 165,- (Jamfør barnehagevedtektene §6 Foreldrebetaling)



Prosjekt – det gode måltid

Me har to hovudmåltid i barnehagen: frukost og lunsj. Då me har opplevd mykje uro kring måltidssituasjonane sette me fokus på dei for å finne gode løysingar. Gjennom rettleiing frå pedagog frå Høgskulen i Vestland Me har valt å setje fokus på å få den beste opplevinga kring kvart måltid.

Mål:

få positive opplevingar kring å sitte ved bordet og ete måltid saman, gjennom å ha fokus på den gode samtalen og vere medviten på kva eg faktisk puttar i munnen.

Moment:

- Bordskikk
- Synge matsong
- Nyte maten min
- Ete fint
- Vente på tur
- Sosial kompetanse kring måltid

Me har, dei fleste dagane, ei vakt som byrjar 08:20 som har høve til å ta i mot ved levering i frukosten. Det vil då vera opphald med roleg leik i leikearealet utanfor kjøkkenet og stova. Dersom den vakta ikkje er til stades må du fylgja barnet ditt inn til frukostbordet.



Bursdagsfeiring

I barnehagen feira me barna med flagg ute, gratulasjonsbilete i vindauga, ballongar med namn og alder og bursdagskrune med namn, alder og klistermerker. Før samling står alle i ring kring barnet og syng «Hurra for deg». Etterpå «kastar» to vaksne barnet opp i lufta like mange gonger som år barnet fyller. I samling sit bursdagsbarnet på ein voksenstol dekkja med kongeblått velurteppe, og har på førehand bestemt kva eventyr/historie det ynskjer skal bli lest, kva songar som skal syngast og kven som skal sitte ved sida av seg både i samling og i lunsjen. Alle barna har laga teikningar som er sett saman til eit hefte. Desse teikningane vert vist fram i samling. Me har eit bord med blått velurteppe på der det står likt tal lys som barnet fyller år (Me nyttar batterily)



I lunsjen lagar me til langbord med bordflagg og lys. Bursdagsbarnet sit i høgsete og får eige «bursdagskrus» til drikka si. Me syng «Happy birthday to you» som bordsang.



Det er viktig at de som foreldre/føresette er merksame på bursdagsinvitasjonar til feiring heime. Me ynskjer at de deler ut og inviterer barn privat. Sjølv om barnegruppa ikkje er stor, ber me dykk å tenkje på kven de inviterer dersom ikkje alle vert invitert. Barna pratar mykje om desse kjekke feiringane og det er svært leit for born og foreldre om nokon ikkje får invitasjon. Det er viktig å vere merksame på at her k an ein drive med utestenging utan at ein tenkjer over det.



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Smittevern

Reine hender – friske barn og vaksne!!

God handhygiene reduserer smittefaren slik at me vert mindre sjuke.



Reglar ved sjukdom

Minner og om reglane ved smittsame sjukdomar. **Barna SKAL haldast heime 48 timar etter siste diarè oppkast og ein feberfri dag heime før barnehage. Det er i tillegg allmenntilstanden til barnet som avgjer om det treng ein dag eller to ekstra heime.** Barna lyt kunne delta på aktivitetane våre om dei skal vere i barnehagen. Om alle respekterar og overheld desse reglane vert me alle mindre sjuke.



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Fagområda til barnehagen

«Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.»

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold)

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen (Rammeplanen 2017:47)

Fagområde vert knytt opp mot kvardagsaktivitetar og planlagde/ ikkje planlagde læringssituasjonar saman med barna. Innhaldet vil ta omsyn til barna sin alder og modning. For å sikre at me er innom alle fagområda har me sett opp eit fagområde for kvar måned. Men me kjem til å jobbe med fleire område kvar måned. Oversikta er laga etter nettverkssamarbeid og inspirasjon frå Aurland kommune. Det er gjort lokale tilpassingar.



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Fagområda	Mål	Tema
August <i>Kommunikasjon, språk og tekst</i>	Legge til rette for at barna får ein god og trygg start på barnehageåret. Ivareta eit godt foreldresamarbeid.	Tryggleik & Vennskap
September <i>Kropp, rørsle, mat og helse</i>	Legge til rette for at barna skal få god kroppsleg meistring gjennom varierte og allsidige rørsler.	Nærmiljø
Oktober <i>Nærmiljø og samfunn</i>	Legge til rette for at barna blir kjende med og deltar i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet.	Årstider, Dyr

November <i>Kunst, kultur og kreativitet</i>	Legge til rette for at barna tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede.	Eventyr
Desember <i>Etikk, religion og filosofi</i>	Legge til retta for at barna får kjennskap til tradisjonar knytt til høgtidar i religionar og livssyn som er representert i barnegruppa. Oppstart barnesamtalar i grupper med fire- og femåringane.	Jul Trivsel og vennskap
Januar <i>Mengd, rom og form</i>	Legge til rette for at barna opplever glede over å utforske og leike med tal, rom og former. Framhald gjennomføring barnesamtalar i grupper med fire- og femåringane.	Tal, rom og form. Matematiske omgrep

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Februar <i>Natur, miljø og teknologi</i>	Legge til rette for at barna skal lære seg å observere, undre seg eksperimentere og samtale om fenomenene i den fysiske verden.	Utforskning
Mars <i>Etikk, religion og filosofi</i>	Gjennomføre barnesamtaler i grupper med fire- og fem åringane. Legge til rette for at barna erfarer at grunnleggjande spørsmål er vesentlege, ved at det vert gitt anledning og ro til undring og tenking, samtalar og forteljingar.	Nytt liv / Påske
April <i>Kommunikasjon, språk og tekst</i>	Legge til rette for at barna brukar språket sitt til å uttrykkje følelsar, ynskjer og erfaringar, til å løysa konflikhtar og å skape positive relasjonar i lek og anna samvær.	Leik og leikens betydning for venskap Trivsel og venskap
Mai <i>Nærmiljø og samfunn</i>	Legge til rette for at barna blir kjende med og deltar i samfunnet gjennom opplevingar og erfaringar i nærmiljøet. Framhald gjennomføring barnesamtalar i grupper med fire- og fem åringane.	Nærmiljø
Juni <i>Kropp, rørsle, mat og helse</i>	Legge til rette for at barna vidareutviklar kroppskontrollen sin, grovmotorikk, finmotorikk, rytme og den motoriske kjensleevna.	Fysisk aktivitet

Tryggleik og individuell utvikling for alle

August 2023 Ferieavvikling i barnehagen. Nytt barnehageår

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
31		1	2	3 	4
32	7	8	9	10 	11  Bursdag x 2 (13/8)
33	14 Planleggingsdag stengt	15 Planleggingsdag stengt	16 Velkommen til nytt barnehageår	17	18
34	21	22	23	24	25
35	28	29 Turbotrakk 	30	31	



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Rammeplanen for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen gjev ei forplikande ramme for heile personale for planlegging, gjennomføring og vurdering av arbeidet i barnehagen. Den gjev retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet og oppgåvene til barnehagen.

Barnehagestyraren har eit overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagd, systematisk og open måte. Styraren må sørge for at vurderinga skjer i forståing med foreldra og personalgruppa. Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut i frå kriterium i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar.

Gjennom planarbeid, møteverksemd og i den daglege drifta, reflekterer og vurderer ein kontinuerleg. Dette vert dokumentert ute på avdelingane med til dømes bilete og tekstskaing, og gjennom månadsbrev.

Kva satsingsområde og overordna tema ein skal arbeida ut i frå, vert avgjort etter planleggingsarbeid i personalgruppa, innspel frå barnegruppa og foreldre. Gjennom månadsplanar og månadsbrev, vert tema me arbeidar med konkretisert og dokumentert.

For å få til utvikling og progresjon må ein vurdere kontinuerleg.

Vurderingsarbeid går føre seg mellom anna på personalmøte. Årsplanen skal evaluerast kvar vår, og fastsetjast av SU innan utgangen av oktober.

MyKid

Borgund barnehage har teke i bruke det digitale verktøyet MyKid. Dette hjelper oss å ha ein bort i mot papirlaus kvardag, og samtidig ha ei god oversikt og snarleg oppdatering og moglegheit for kommunikasjon med foreldre. Det er veldig tidsbesparande, då ein ikkje treng laste opp, skrive ut og henge opp og dele ut. Bilete av barna vert lagt ut og tagga slik at kun foreldre til desse barn kan sjå bileta. Når barnet sluttar i barnehagen kan foreldre lagre dei bileta dei ynskjer. «Dagen i dag» der skriv personalet inn litt om kva me har gjort i løpet av dagen, og foreldre kan lese det kva tid dei ynskjer. Informasjon vert lagt ut som nyheitsbrev eller skrive på «postit». Foreldre legg sjølv inn beskjedar til barnehagen, når barnet skal ha fri, er sjukt eller andre ting. Foreldra kryssar og av på kva informasjon dei ynskjer i høve barnet sitt, viktig informasjon og helseerklæring.

Tryggleik og personvern står høgt i fokus for å ivareta GDPR – lov om personvernforordning (EU)

<https://mykid.no/nb/barnehage>



Tryggleik og individuell utvikling for alle

September 2023

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
35					1
36	4	5	6	7 Klubb  Blomstergruppa 	8
37	11  Bursdag	12	13	14 Klubb  Blomstergruppa 	15
38 Brannvern-veka	18 	19 Bjørnis	20 Bjørnis	21 Klubb  Blomstergruppa  Bjørnis	22  Bjørnis
39	26	27 Epledagen 	28	29 Klubb  Blomstergruppa 	30

Tryggleik og individuell utvikling for alle



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Oktober 2023

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
40	2	3	4	5 Klubb  Blomstergruppa 	6  Bursdag
41 Haustferie- veke i skulen	9	10 Verdensdagen for psykisk helse	11	12 Klubb  Blomstergruppa 	13
42	16	17	18	19 Refleksdagen Klubb  Blomstergruppa 	20
43 FORUT	23	24 FN dagen Forutkafè 	25	26 Klubb  Blomstergruppa 	27  Bursdag
44	30	31			

Tryggleik og individuell utvikling for alle

FORUT SIN BARNEAKSJON OG MARKERING AV FN DAGEN. MENNESKEVERD, DEMOKRATI, RETTFERD OG TOLERANSE.

Borgund barnehage har dei siste åra delteke i FORUT sin barneaksjon fordi me ynskjer at barna skal få kjennskap til korleis barn i andre land har det. Dei får sjå og høyra om likskap og ulikskap i høve born på same alder, og korleis me gjennom samarbeid kan bidra med å gjere verda til ein betre plass å leva på. Barna lærer om demokrati, solidaritet, toleranse, livssyn, kulturforskjellar og korleis ressursane i verda er fordelt.

”FORUT ønsker at barn i Norge skal lære om barn i andre land. FORUT ønsker også at barn i Norge skal forstå at det går an å hjelpe de som ikke har det så bra som oss (www.forut.no)”.

I høve FN-dagen vil me i forkant nytte det pedagogiske opplegget til barneaksjonen der me blir kjende med barn i Afrika og Asia, og avsluttar opplegget med å invitera til kafé, der salet går til FORUT sitt arbeid for barn sine rettar. I år skal me stifta kjennskap med Hamphless, 5 år, som bur i Malawi som vert kalla “Afrikas varme hjerte”. Me skal få veta mykje om Hamphless, familien hans og sjiraffen Suala de kan lesa meir om dette her: [Hampless og det varme hjertet - FORUT](#)



Barnemusikk fra Silje og Maria

Duoen Silje Sirnes Winje og Maria Solheim er kjent for sine lekne og morsomme barnesanger. I 2020 vant de spellemannsprisen for beste norske barnealbum. Nå har de laget ny, fantastisk musikk om Hamphless og livet i Malawi for FORUT Barneaksjonen (www.forut.no)



Tryggleik og individuell utvikling for alle

November 2023

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
44			1  Bursdag	2 Klubb  Blomstergruppa 	3 Planleggingsdag Barnehagen er stengt
45	6	7	8	9 Klubb  Blomstergruppa 	10
46	13	14	15	16 Klubb  Blomstergruppa 	17
47	20	21	22	23 Klubb  Blomstergruppa 	24
48	27	28	29	30 Klubb  Blomstergruppa 	

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Advent

” Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap” (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald, 4 ledd).



Mål for adventstida

- ♥ Formidla tradisjon og kultur
- ♥ Legge til rette for gode samtalar Finne ro og skape stemning

Metode

- ♥ Me lagar adventrom, kalender, kvei ljøs, les bøker, syng og filosoferer saman.

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske» (Rammeplanen 2017:55).













Juletida er ei tid for omtanke og refleksjon for dei me har rundt oss. Ikkje alle barn og vaksne har pengar til å dekke eit flott julebord med god mat. Ikkje alle har råd til gåver, juletre og det som føl jula med. Det å syne borna kva juletida handlar om, å stille opp for andre, kan me syne ved å gjere gode ting for andre. Me lagar gåver for å syne takksemnd, og for å gjere andre glade. Me syng julesongar, trekk julekalender, kveikjer ljøs og roar ned i ei elles travel førjulstid

Me vil gå på jakt etter eit lite juletre som me kan ha i barnehagen.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Desember 2023


Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag		Torsdag	Fredag
48						1 Frist melding om julefri i MyKid
49	4	5	6		7 Klubb  Blomstergruppa 	8
50	12  Brannvern	13  Lucia	14		15 Klubb  Blomstergruppa 	16
51	19	20	21		21 Klubb  Blomstergruppa 	22
52	25 1.juledag Barnehagen er stengt	26 2.juledag Barnehagen er stengt	28 <u>07.30-15.30</u>		29 <u>Bursdag</u>  <u>07.30-15.30</u>	30 <u>07.30-15.30</u>

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Juleferie 2023

Me treng ei oversikt over barna som skal ha ferie, slik at me kan planlegga barnehagedrifta.

Me ber om at de legg inn på **MyKid** kva tid barnet ditt skal ha fri i jula, *innan fredag 1. desember*.



Minner om at barnehagen/SFO har redusert opningstid i romjula, 07.30-15.30

Jf. vedtektene for barnehagane i Lærdal.

§ 7 Opningstider

Barnehageåret går frå 15.august eit år til 14.august neste år.

Opningstida er fastsett til 07:00 – 16:15

Barnehagane er stengde på laurdagar, søndagar, helge- og høgtidsdagar og på jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane klokka 12.00. Barnehagane har i tillegg stengt 5 planleggingsdagar for personalet.

Det er redusert opningstid i romjula: kl. 07.30-15.30.

§ 6 Foreldrebetaling

Det er innført gebyr ved for sein henting. Gebyret skal dekke meirutgifter og er sett til 165 kroner.

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Januar 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1	1 Barnehagen er stengt	2 Planleggingsdag stengt	3	4 Klubb  Blomstergruppa 	5  Bursdag (7/1)
2	8	9	10	11 Klubb  Blomstergruppa 	12
3	15	16	17	18 Klubb  Blomstergruppa 	19
4	22	23 	24	25 Klubb  Blomstergruppa 	26 
5	29	30	31		

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Samarbeid med andre instansar

Barnehagen samarbeider med ulike instansar i kommunen. Lærdal Helsesenteret (helsesjukepleiar, fysioterapeut, kommunepsykolog), PPT (pedagogisk psykologisk teneste), BUP (barne- og ungdomspsykiatri), barnevernet, skulen, kulturskulen og biblioteket.

Kvart år vitjar det lokale politiet barnehagen. Dei har med seg politibamsen Eddy som fortel om sikring i bil, på sykkel og i andre settingar i trafikken. Politiet i Sogn har og laga eit undervisningsopplegg som skal brukas i alle barnehagane i Aurland, Lærdal, Årdal, Sogndal, Luster, Leikanger og Vik. Opplegget er for 5 og 6-åringane, altså dei som skal byrje på skulen. Målet er å få det førebyggjande arbeidet inn i et årshjul. Politiet ønskjer at alle skal være kjend med at dei vil kome på besøk til barnehagane, og at dette skal skje på eit omtrentleg fast tidspunkt kvart år. Sjå meir på side 9.

Brannvesenet kjem ein gong i året og har undervisning med skuleelevane og dei vaksne.

Barnehagebarna får koma bort og sjå på, og dei vaksne får øva på å sløkka brann.



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Februar 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
5				1 Klubb  Blomstergruppa 	2
6	5  Bursdag	6  Samefolkets dag	7	8  Klubb  Blomstergruppa	9
7	12	13	14	15  Klubb  Blomstergruppa	16  Bursdag (18/2)
8 Vinter- ferie i skulen	19	20	21	22 Klubb  Blomstergruppa 	23
9	26	27	28	29 Klubb  Blomstergruppa 	

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Trafikksikker kommune – Systematisk arbeid for eit tryggare lokalmiljø

«Kommunen er ein viktig aktør i trafikktryggleiksarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helse og trivsel til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggja ulykker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive med systematisk ulykkes førebyggjande arbeid i alle sektorar» Arbeidet skal forankrast både politisk og administrativt. Trygg trafikk har utarbeidd kriterium for ein trafikksikker kommune» (Rettleiar for ein trafikksikker kommune) www.trafikksikkerkommune.no

KRITERIUM FOR BARNEHAGANE

Trafikktryggleik i barnehagen

- Trafikkopplæringa til barnehagen blir integrert som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet og blir nedfelt i årsplanen til barnehagen.
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker åtferd når han kjøper av transporttjenester.
- Dei tilsette i barnehagen kjenner rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots og med bil eller kollektivtransport.

Trafikkopplæringa i barnehagen

- Barna lærer trafikkreglane for fotgjengarar
- Barna lærer å bruke sansane sine i trafikken.
- Barna lærer å bruke av bilbelte, sykkelhjelm og refleks













Samarbeid mellom barnehage og heim

- Barnehagen har rutinar for å vareta tryggleiken til barna ved parkeringsplassen og ved porten til barnehagen. Desse rutinane blir årleg gjennomgått med foreldre og tilsette.
- Barnehagen oppfordrar foreldra til å sikre barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er årleg tema på foreldremøte om våre



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Mars 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
9				1  Klubb  Blomstergruppa	2
10	4	5	6	7  Klubb  Blomstergruppa	8
11	11	12  «Stedet mitt»	13	14  Klubb  Blomstergruppa	15 Frist for å melde inn påskefri i MyKid
12	18	19  Bursdag	20	21  Klubb  Blomstergruppa	22
13	25  Vaffeldagen	26	27 Barnehagen stengjer kl.12:00	28 Skjærtorsdag barnehagen er stengt	29 Langfredag barnehagen er stengt

Tryggleik og individuell utvikling for alle



BARNEHAGEDAGEN 2024

Barnehagedagen vert markert i mars kvart år. Det er Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Foreldreutvalget for barnehager (FUB) som saman står bak markeringa. Formålet er å synleggjere kva barna får oppleve, erfare og lære i Barnehagen. I 2024 er tema for dagen er «Staden min» vert arrangert 12.mars 2024

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrker slik at barna kan oppleve å høyre til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levevis og ulike familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom lek og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få begynnande kjennskap til menneskerettane (Rammeplanen 2017).

En viktig del av barnehagepedagogikken

Barnehagen si lokale tilhøyrse og aktive bruk av nærmiljøet er ein del av den tradisjonelle norske barnehagepedagogikken. Den tek utgangspunkt i at barnehagen er ein del av nærmiljøet og at nærmiljøet har betydning for barns liv. Barn blir kjent med den lokale kulturarven på sin stad gjennom lek og aktivitetar. Det handlar om lokal kultur og historie, men og om at dei yngste i samfunnet er viktige medspelarar i vår felles kultur. Kulturarv og inkludering går hånd i hånd.



Påskeferie 2024

Det nærmar seg påske, og me trengt ei oversikt over barna som skal ha ferie, slik at me kan planlegga barnehagedrifta.


Meld inn i MyKid på ferie- og fråvær innan fredag 15.mars, dersom barnet ditt skal ha fri.

Minner og om at onsdag 27/3 stengjer barnehagen kl.12:00. Jamfør barnehagevedtektene §7 opningstider



Tryggleik og individuell utvikling for alle

April 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
14	1 2.påskedag barnehagen er stengt	2 	3	4 Klubb  Blomstergruppa 	5
15	8	9	10	11 Klubb  Blomstergruppa 	12
16	15 Frist for innmelding av sommarferie i MyKid	16	17	18 Klubb  Blomstergruppa 	19
17	29	30			

Sommarferie 2023

Det nærmar seg sommar, og me må ha ein oversikt over barna som skal ha ferie, slik at me kan planlegga barnehagedrifta. I vedtektene for dei kommunale barnehagane i Lærdal kommune står det:


§ 8 Opningstid og opphaldstid.

Alle barna skal ha 4 veker ferie i barnehageåret. Minst 3 veker bør vere samanhengande i perioden 15.juni til 15.august. Planleggingsdagane kan bli rekna som den 4. ferieveka. Foreldre/føresette skal innan 19.april gje bindande melding om barnet si sommarferietid.

§ 7 Foreldrebetaling:

Det vert ikkje kravd foreldrebetaling for feriemånaden, 01.07-31.07, jf krav i § 8 om ferie for barna.

Me ber om at ferie vert registrert i MyKid seinast måndag 15.april. Denne er bindande!!



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Mai 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
18			1 Barnehagen er stengt	2 Klubb  Blomstergruppa 	3
19	6	7  Bursdag	8  Frigjerningsdagen	9 Kristi himmelfartsdag Barnehagen er stengt	10 Innarbeida Planleggingsdag barnehagen er stengt
20	13	14	15	16  Bursdag (18/5)	17  nasjonaldagen
21	20	21	22	23 Klubb  Blomstergruppa 	24
22	27	28	29	30 Klubb  Blomstergruppa 	31 Bursdag (1/6) 

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Mai måned eignar seg godt til å samtale om, og ha fokus på samfunnsdeltaking og demokrati.

8.mai 1945 vart Noreg frigjort, og 2. verdenskrig var over. Kva betydning har det for oss som veks opp i Noreg i dag?

Me førebur oss på markering av nasjonaldagen 17.mai, då me feirar at Noreg i 1814 fekk si eiga grunnlov. Kva er ei grunnlov? Og kva betydning har den for deg og meg? Kva er eit demokrati? Kva betyr det at Noreg er eit fritt land?

Kva betyr fargane i flagget vårt, kvifor går me i tog? Korleis feirar andre land nasjonaldagen sin? Mange spørsmål me vil fundera over i løpet av mai.



Før nasjonaldagen trenar me oss på å gå i tog og leikar ulike tradisjonelle 17.mai leikar som jordepleløp og sekkeløp. «Klubben» trenar på å bera fana til barnehagen og Torunn har med instrumentet sitt og spelar marsjar og «ja, vi elsker».



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Juni 2024

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
23	3	4 	5	6 Klubb  Blomstergruppa 	7
24	10	11	12	13 Klubb  Blomstergruppa 	14
25	17	18	19	20  Bursdag	21  Bursdag (23/6)
26	24	25	26	27 Klubb  Blomstergruppa 	28

Tryggleik og individuell utvikling for alle

JUNI

PRIDE



Ein barnehage for alle !

Barnehagen vil i løpet av juni markera pride, med fokus på kjærleik og mangfald. Du kan vera den du er, ha dei kjenslene du vil, respektera alle for den dei er.

Markering av **PRIDE**

I heile verda vert det i juni markert «Pride». I Borgund barnehage markerer me og Pride. Då flaggar me med regnbogeflagget og samtalar om at alle er unike og kan få lov å vere slik dei sjølv vil, så sant det ikkje påverkar andre negativt. Me kan gå kledd slik me sjølve ynskjer og vere glade i den me vil.




Alle er viktige og like mykje verdt!

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. (...) Barnehagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen» (Rammeplanen s. 9-10).

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Juli 2024

Ferieavvikling i barnehagen. Barnehagen opprettheld eit pedagogisk tilbod med tanke på tryggleik, omsorg, leik og læring.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
27	1	2	3	4	5  Bursdag
28	8	9	10	11	12
29	15 FERIESTENGT	16	17	18	19 FERIESTENGT
30	22 FERIESTENGT	23	24	25	26 FERIESTENGT
31	29  Bursdag (28/7)	30  Bursdag	31		

Tryggleik og individuell utvikling for alle

Bærekraftig utvikling

«Grøne Lærdal» er visjonen for bygda vår. Lærdal kommune har utvikla ein plan for klima, energi og miljø der målet er å bli miljøfyrtårnsertifisert. Borgund barnehage vil bidra i dette arbeidet mellom anna ved å knyte nokre av FN sine bærekraftsmål inn i planar og arbeid med fagområda i rammeplanen.

I løpet av året pantar me tomflasker, sorterer me boss, og kastar det på rett plass. Me har ein bossang som me syng for å finna rett farge på bosspannet. Me har vår eigen grønsakhage der me sår og plantar ut mellom anna gulrøter, grønkål, sukkererter. Me sår blomar ute til glede for humler og bier og andre som treng litt ekstra. Risp- og solbærbusker har me og i hagen vår. Til advent i desember går me ut i skogen og høgg vårt eige juletre.

I 2023 Sponsa Sognasmak oss med ein kasse eple, som me laga syltetøy og grove eplemuffins av. Tusen takk 😊



*Eg skulle ynskja at barn i dag leika meir enn dei gjer.
For den som leikar som liten
får ein rikdom inni seg
som ein kan ause av heile livet.
Ein byggjer opp ei varm, hyggjeleg verd inni seg.
Ei verd som gjev styrke om livet blir vanskeleg.
Ein stad ein kan ty til i motgang og sorg.*

Sagt av Astrid Lindgren (fritt omsett til nynorsk TVG)